

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 12.03.2018
SAKSHANDSAMAR: Kjell Inge Solhaug
SAKA GJELD: **Nye Førde sjukehus - prinsipp for entreprise nybygg psykisk helsevern**

ARKIVSAK: 2016/2830
STYRESAK: **024/2018**

STYREMØTE: **23.03.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Prosess for anskaffing av delprosjekt nybygg psykisk helsevern vert starta opp i samsvar med den gjennomføringsstrategi som er etablert.
2. Styret skal godkjenne heile prosjektomfanget i Nye Førde sjukehus, inkludert delprosjekt nybygg psykisk helsevern, som samla prosjekt ved investeringsvedtak B4.

Oppsummering

Nye Førde sjukehus er i forprosjektfasen, og er planlagt ferdigstilt med investeringsavgjerd B4 som styresak i oktober 2018. Forprosjektrapport som blir lagt fram ved B4, vil innehalde strategi og planar for anskaffing og gjennomføring av prosjektet med ein heilskap for alle byggetrinn og delprosjekt.

Førde BUP er i dag i leigde lokale med avtale som utgår i desember 2020. Det er i forprosjektet no etablert ein gjennomføringsstrategi som kan gjere det mogeleg å nå ferdigstilling av nybygg for psykisk helsevern innan utgangen av leigeavtalen.

Nybygg psykisk helsevern bør vere det første delprosjektet som blir starta opp med detaljering og bygging i prosjekt Nye Førde sjukehus.

Arbeidet med å hente inn tilbod kan starte opp i samsvar med den gjennomføringsstrategi som er etablert, men styret skal godkjenne heile prosjektomfanget i Nye Førde sjukehus. Dette inkluderer delprosjekt nybygg psykisk helsevern som samla prosjekt ved investeringsavgjerd B4.

Anskaffing av entreprenør blir gjort med sikte på å gjennomføre delprosjekt nybygg for psykisk helsevern som ein totalentreprise. Totalentreprenør blir i første fase med som rådgjevar for å optimalisere prosjektet, før vi løyser inn eventuell opsjon om bygging.

Fakta

Nye Førde sjukehus er i forprosjektfasen og er planlagt ferdigstilt med investeringsavgjerd B4 som styresak i oktober 2018. Forprosjektrapport som blir lagt fram ved B4 vil innehalde strategi og planar for anskaffing og gjennomføring av prosjektet med ein heilskap for alle byggetrinn og delprosjekt.

Førde BUP er i dag i leigde lokale med avtale som utgår i desember 2020, og det er i forprosjektet no etablert ein gjennomføringsstrategi som kan gjere det mogeleg å nå ei ferdigstilling av nybygg for psykisk helsevern innan utgangen av leigeavtalen.

Denne gjennomføringsstrategien inneber at vi startar ein anskaffingsprosess for delprosjekt nybygg psykisk helsevern før styresak blir lagt fram som B4 i oktober. Vi vil i all dialog med marknaden og aktørar ta atterhald om godkjenning og finansiering, og heilskap for forprosjekt Nye Førde sjukehus skal vurderast ved B4 i oktober 2018.

Kontraktsverdien for delprosjekt nybygg psykisk helsevern er vurdert til under 300 millionar.

Kommentarar

Første byggetrinn er nybygg PHV som i stor grad er føreseieleg med kjende utfordringar for nybygg. For dette byggetrinnet legg ein til grunn entreprisestrategi som fylgjer:

- Det blir gjennomført open anbodskonkurranse i samsvar med regelverket. Kontrahering for samhandlingsfase regulert etter NS8401/8402 (rådgjevarkontrakt), med opsjon på gjennomføring.
- Opsjon for gjennomføring etter NS8407 (totalentreprisekontrakt).
- Rådgjevargruppe som er del av byggherreorganisasjonen fram til B4 blir tiltransportert totalentreprenør (overføre rådgjevar til entreprenørs kontraktsansvar),

alternativt fristilt for å kunne tilby sine ytingar i konkurranse til totalentreprenør. Rådgjevargruppe vil for dei delar av NFS som ikkje er kome fram til stadiet for anbodskonkurranse, framleis inngå i byggherre sin organisasjon, i den grad det er behov.

Gjennomføring av byggetrinn PHV basert på anskaffing av totalentreprenør for samhandling regulert etter NS8401/NS8402 med opsjon for gjennomføring etter NS8407. Ein tar stilling til innløyasing av opsjon for gjennomføring etter evaluering av samhandlingsfasen. Det essensielle er involvering av entreprenør for påverknad av løysingsval og metode for utføring. Dette for å gjere prosjektet betre og meir rasjonelt å byggje, samt betre gjennomføringsevne og unngå kostnadsprekk.

For å regulere samhandlingsfasen nyttar ein bonus eller frådrag som incitament for å få effekt av samhandling. Byggherre har avbrotsklausul etter avslutta samhandlingsfase dersom det viser seg at vidare gjennomføring med totalentreprenør ikkje er det mest økonomisk fordelaktige alternativ.

Problemanalyse/drøfting av ulike sider av saka

Konklusjon

Delprosjekt nybygg Psykisk helsevern bør vere det første delprosjektet som blir starta opp med detaljering og bygging i prosjekt Nye Førde sjukehus, dette for å kunne nå ferdigstilling før utløp av leigeavtale for BUP.

Prosess for anskaffing kan startast opp i samsvar med den gjennomføringsstrategi som er etablert, men styret skal godkjenne heile prosjektomfanget i Nye Førde sjukehus, inkludert delprosjekt nybygg Psykisk helsevern, som samla prosjekt ved investeringsbeslutning B4. Anskaffing av entreprenør blir gjort med sikte på å gjennomføre delprosjekt nybygg for psykisk helsevern som ein totalentreprise. Totalentreprenør blir i første fase med som rådgjevar for å optimalisere prosjektet, før ein innløyser eventuell opsjon om bygging.

Vedlegg

1. Vedlegg 1: Gjennomføringsstrategi for Nye Førde sjukehus